

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 934 09 989




Alver kommune
Plan, Bygg og Eigedom
Sendt pr. e-post til post@alver.kommune.no

Att.: Trude Langeland


Gnr. 188, bnr. 5 – Gjervik i Alvær kommune
Søknad om løyve til planering og arrondering av terreng.

Viser til vedteken kommunedelplan for Alversund – Knarvik. Viser også til samtale med Trude Langeland på Plan, Bygg og Eigedom for kort tid sidan.

For Hageland Knarvik har det blitt store og dramatiske forandringar sidan eg snakka med Langeland. På hagesenteret er fleire tilsette permitterte pr i dag, grunnen veit vi alle. Vi har ledig tid og kapasitet. Vi vil gjerne nytta denne tida til å koma i gang med rydding og planering av den delen av gnr. 188, bnr. 5 på Gjervik som vi eig og som er disponert til næringsføremål i kommunedelplanen for Knarvik - Alversund, merka BKB3. Vi har maskiner og tilsette i Hageland Knarvik som kan utføre arbeidet og søker med dette om godkjenning av det planlagde tiltaket.



Figur 1: Utsnitt av kommunedelplan Knarvik - Alversund



Figur 2: Området tiltaket gjeld

Orientering om tiltaket:

1. Det vi planlegg i først omgang er å rydde jord og steinmassar knytt til det området som alt er planert og lagra av tidlegare eigar – jf. felt A i figur 2. Dette vil føre til at noko jordmassar må køyrast bort. Arbeidet vert utført av egne tilsette som har kompetanse/sertifikat til å nytte gravemaskin, traktor med tilhengar og lastebil.
2. I neste omgang vil jord, røter og vegetasjon bli fjerna i felt B – jf. figur 2. Fjell blir sprengt ned i rett høgd med sikte på ferdig planert areal i høgd med E 39. Sprengstein vert planert og komprimert på staden. Evt. storstein vert køyrd bort til lovleg deponi. Røter og vegetasjonsmassar vert også køyrd til deponi. Arbeidet vert planlagt utført i eigen regi.

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 934 09 989



3. Eventuelle massar som manglar på ei full planering i høgd med E 39, kan bli transportert/levert frå distriktet frå t.d. eit eller fleire av samferdselsprosjekta som no er under opptrapping i Knarvik. Dette vil i so fall utførast av entreprenørar knytt til dei nemnde anlegga. Mengd sprengstein dette gjeld vil vi koma attende til når dette er nærare klarlagd
4. Arealet B mot vest, kan evt. nyttast som riggplass for dei 3 store samferdselsprosjekta i Knarvik knytt til E 39 som vi er kjend med skal starta hausten 2020. Dette kan gje relativt kort veg frå byggeplassane til riggarealet på Gjervikflaten. Innkøyring kan etablerast frå eksisterande avkøyring i vest der det også ligg eksisterande VA som ein anleggsrigg kna knyta seg til. Arealet kan i ettertid lett utvikla seg vidare til Næring og forretning i samsvar med den godkjende kommunedelplanen. Nemnde tiltak vil søkjast om løyve til av dei partane som i so fall er involverte.
5. Det er viktig for oss at arbeidet/framdrifta blir mest mogeleg med kontinuitet slik at ein unngår at ikkje felt av arealet vert ståande som eit ope sår. Vi reknar med at arbeidet samla sett kan strekkja seg over 2 år frå kommunen har gjeve løyve til igangsetting.
6. På dette stadiet har vi stipulert samla sum av jord og skrotmassar som skal køyrast bort til ca. 23000 m³.

Kontaktpersonen/ansvarleg søkjar for nemnde tiltak er Kristoffer Søderstrøm.

Sidan vi lyt vente på løyve til å detaljregulere området til etter at Statens vegvesen har fått landa valet av trasè for ny E 39, er det særskilt viktig for oss å få kunne starta i det små med å grave av og køyre bort jordmassar og masser som er lagra tidlegare eigar. Vi vonar Alver kommune kan sjå positivt på dette.

Med venleg helsing
Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS

Kristoffer Søderstrøm